

Årsplan 2011-2013 – Det samfunnsvitskaplege fakultet

INNLEIING

Fakultetsstyret vedtok 18. juni 2010 ny strategisk plan for perioden 2011 – 2020.

Årsplanen tek for seg dei prioriteringane fakultetet konsentrerer seg om i første fase av strategiperioden. Årsplanen er treårig og rullerande og blir revidert årleg. Den er ikkje meint å skulle vere heildekkande for alle aktivitetar som gjeng føre seg ved fakultetet.

Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Universitetsstyret har vedteke at studiekvalitet, internasjonalisering og innovasjon skal vere hovudprioriteringar dei tre komande åra av strategiperioden. I fakultetet sin førre strategiperiode var forskning førsteprioritet. Tiltak knytte til forskingskvalitet vil framleis måtte ha høg prioritet om fakultetet skal nå målsettingane innan dei andre prioriterte områda i strategiperioden.

I 2011 vil fakultetet særleg prioritere studiekvalitet. Fakultetet fekk i 2010 redusert opptaksramma med økonomisk kompensasjon for tapte studiepoenginntekter for å gi rom for betre oppfølging av studentane. Fakultetet skal i tillegg tydeleggjere studentane sin kompetanse for framtidige arbeidsgjevarar og styrke samarbeidet med Karrieresenteret for å førebu studentane betre på overgangen til arbeidslivet. Føresett tilfredsstillande finansiering vil fakultetet alt hausten 2011 starte opp eit nytt masterprogram i Arbeid, leiing og organisasjon.

UiO vil i løpet av 2011 vedta ein ny handlingsplan for internasjonalisering. Fakultetet har som målsetting å utvikle samarbeidet med gode universitet internasjonalt, betre tilbodet til innreisande studentar og legge til rette for auka forskarmobilitet. Internasjonalisering er krevjande, ikkje minst administrativt. Fakultetet vil i samarbeid med Studieavdelinga vurdere om det er ei hensiktsmessig arbeidsdeling mellom nivåa innan dette feltet.

I 2013 har UiO vedteke at innovasjon skal ha prioritet. Særleg for HumSam er det behov for ei avklaring av kva som ligg i omgrepet og kva som skal vere HumSam og fakultetet sitt særlege bidrag her.

Fakultetet si overføring frå 2010 til 2011 er vesentleg større enn budsjettert. Etter nær tilsettingsstopp ved heile fakultetet i 2009 og 2010 er det rom for nytilsettingar. Saman med kuttet i opptaksrammene gir dette fakultetet realistiske voner om å kunne betre studiekvaliteten. Større handlingsrom vil også gjere det mogleg å auke talet på nytilsettingar i vitskaplege stillingar.

Generell risikovurdering:

Ambisjonane i årsplanen er samla sett i overkant store i høve til ressursane vi disponerer. Satsing og prioritering av til dømes studiekvalitet føreset nedprioritering av andre oppgåver.

Eit grensesprengande universitet

Mål 1: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal vere mellom dei beste samfunnsvitenskaplege fagmiljøa i Norden, og hevde seg sterkt i internasjonal samanheng. Fakultetet skal ha gode forskingsmiljø som kan bidra til internasjonal og nasjonal fagutvikling og gi godt rom for nyskapande forskning og kritisk refleksjon. Forskinga og fagkompetansen ved fakultetet skal gi eit solid grunnlag for forskingsbasert undervisning, gi innsikt i sentrale samfunnsmessige utfordringar, og rom for kritisk samfunnsdebatt og politikktutvikling, i tillegg til nytenking og innovasjon.

Risikovurdering:

Det er utfordrande å påverke utvikling av samarbeid med gode internasjonale forskingsmiljø så lenge desse er personavhengige og truleg også bør vere det. Fakultetet har hatt utvikling av fleire engelskspråklege bacheloremne på agendaen over lang tid. Det kan stillast spørsmål ved om vi har gjennomføringsvilje nok på dette punktet. Framtida til dei tverrfaglege programma vil vere avhengig av at UiO finn ordningar som gir insentiv til slik aktivitet.

PRIORITERTE STRATEGIAR:

Fakultetet skal legge til rette for internasjonal utveksling, nettverksbygging og strategiske partnerskap med utvalde institusjonar og vere ein aktiv deltakar i European Research Area (ERA). Fakultetet skal bruke evalueringar og anna relevant statistisk materiale systematisk for å heve forskingskvaliteten

Fakultetet vil bygge vidare på det fleir- og tverrfaglege potensial som fakultetet sin breiddeprofil opnar for. Vidare vil vi halde fram arbeidet med forbetring og profilering av eksisterande programtilbod, og utvikle nye program i tråd med fagutvikling, internasjonalt samarbeid og samfunnet sine behov. Fakultetet vil arbeide for meir forskingsbasert undervisning, betre kvalitet i undervisninga, og auka internasjonal utveksling.

Eit av kjenneteikna ved Oslo er ein stor samfunnsvitenskapleg instituttsektor, med sterke samfunnsfaglege forskingsmiljø Fakultetet har som mål å utnytte samarbeidspotensialet med instituttsektoren betre der dette kan styrke forskning og rettleiing.

Tiltak 1: Legge til rette for deltaking i dei tverrfakultære satsingane (MILEN, DEMOKRATI, KULTRANS og PLUREL).

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: UiO evaluerer satsingane i 2012 og fakultetet skal drøfte eventuell vidareføring av satsingane i lys av evalueringa
Ansvar: Prodekan

Tiltak 2:

Utvikle samarbeidet med gode internasjonale forskingsmiljø for å fremme mobilitet for Ph. D. studentar og forskarar.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Følgjast opp i leiarmøta 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 3:

Legge til rette for prosjektutvikling og drift av internasjonalt forskingssamarbeid og etablering av professor II-stillingar for å styrke internasjonalisering av forskning og undervisning.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Midlar er avsett i budsjettet for 2011. Vurdere avsetting av såkornmidlar i budsjetta for 2012 og 2013.
Ansvar: Prodekan

Tiltak 4: Gjennomgå fleir- og tverrfaglege studieprogram i lys av nye organiserings- og finansieringstilhøve.

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Straks UiO har vedteke nye retningslinjer
Ansvar: Dekan

Tiltak 5: Legge til rette for meir internasjonal publisering ved fakultet gjennom styringsdialogar, medarbeidersamtalar, stimuleringsmidlar og skrivekurs.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Årlege skrivekurs og avsettingar i budsjett 2011, 2012, 2013.
Ansvar: Prodekan

Tiltak 6: Legge til rette for prosessar som kan bidra til at fakultetet får fram gode søknader om forskingsmidlar som blir tildelte på grunnlag av kvalitet (som til dømes SFF, FRIPRO, YFF og ERC). Vidareutvikle støttekompetanse og administrative rutinar i FANE-nettverket.

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Det er sett av midlar til støtte i budsjettet for 2011.
Sette av såkornmidlar i budsjetta for 2012, 2013
Ansvar: Prodekan

Tiltak 7: Internasjonalisere fakultetet sine studiar: Utvikle samarbeidet med gode institusjonar internasjonalt og gå gjennom eksisterande avtaler for å sikre at fakultet og institutt har gode avtaler; Auke tilbodet av engelskspråklege emne på bachelornivå.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: 2011, 2012, 2013
Ansvar: Dekan

Tiltak 8: Vurdere fakultetet sin forskingsinfrastruktur og sikre tilfredsstillande rutinar når det gjeld sikring og lagring av data .(hensiktsmessig arbeidsplassutstyr, brukarstøtte, databasar, forskningssamarbeid og arbeidsdeling på nett, lagring av forskingsdata og data frå master- og doktorgradsavhandlingar, datasikring og personvern mm).

Frist for gjennomføring: 2012
Milepelar for gjennomføring: Utarbeide mandat og utpeike arbeidsgruppe våren 2011
Ansvar: Fakultetsdirektør

Læringsuniversitetet

Mål 2: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal gi studentane fagkompetanse på nivå med gode europeiske universitet, og utvikle studentane til fagleg sjølvstende og intellektuell mognad. Fakultetet skal utdanne kandidatar som er attraktive på arbeidsmarknaden og gi dei eit godt grunnlag for vidare utvikling som samfunnsmedlemmer og fagpersonar. Studiane våre skal utdanne for avanserte oppgåveløysingar innanfor eit vidt spekter av arbeidsområde og gi eit godt grunnlag for vidare forskaropplæring gjennom vektlegging av teori og metodar.

Risikovurdering

Tettare kopling mellom forskning og studiar krev medverknad frå grunneiningar og forskarar. Betre styringsdata og rutinar rundt Ph. D. – programmet føreset at dagens organisering blir vurdert på nytt. Om fakultetet skal lukkast her vil vere avhengig av godt samarbeid med sentrale fagavdelingar.

PRIORITERTE STRATEGIAR:

Fakultetet utdannar høgt kvalifiserte kandidatar for det norske samfunnet og for internasjonalt arbeid. Det faglege innhaldet i fakultetet sine studieprogram skal halde eit høgt fagleg nivå og vere forskingsbasert. Studentane sitt læringsutbyte skal aukast gjennom styrking av analytiske evner og evne til kritisk og sjølvstendig refleksjon..

Fakultetet skal gi studentane eit godt læringsmiljø gjennom klare forventningar, tett oppfølging, bruk av varierte læringsformer, læringsfremmande evalueringar og god pedagogisk kompetanse.

Fakultetet har eit betringspotensial når det gjeld å tydeliggjere den kompetansen kandidatane våre har. Fakultetet vil vere i dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om kompetansebehovet og arbeide for å betre kandidatane sin kunnskap om eigen kompetanse etter fullført utdanningsløp.

Forskarutdanning er eit av fakultetet sine samfunnsoppdrag og viktig også for framtidig rekruttering. Tettare oppfølging og integrering i fagmiljøet vil framleis vere viktige tiltak for å styrke kvaliteten i forskarutdanninga.

Tiltak 9: Erfaringsutveksling i utvida Forum for studiespørsmål etter modell av styringsdialogane (utveksling av 'best practice') med einingane om gjennomførte tiltak for betring av kull- og fagtilknyting og drøfte kva for undervisningsformer som gir best læringsutbyte for studentane (til dømes endring i organiseringa av masterprogramma med sikte på tettare oppfølging av studentane, oppgåveskriving, krav om tidlegare innlevering av prosjektskisse, osv.).

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Utvida forum for studiespørsmål mai 2011 eller 2012

Ansvar: Dekan

Tiltak 10: Vurdere effekten av meir strukturerte studieløp.

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Sjå punkt 9.
Ansvar: Dekan

Tiltak 11: Legge til rette for at masterstudentane kan knytast til forskingsprosjekt gjennom utveksling av røynsler på tvers av grunneiningar

.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Takast opp i Forum for studiespørsmål og leiarmøte våren 2011
Ansvar: Dekan

Tiltak 12: Starte opp nytt masterprogram i Organisasjon, leiing og arbeidsliv føresettt tilfredsstillande finansiering.

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Oppstart hausten 2011
Ansvar: Dekan

Tiltak 13: Etablere ei skuleretta mastergrad i samfunnsvitenskap under lektorprogrammet i samarbeid med Institutt for lærarutdanning ved Det utdanningsvitenskaplege fakultet.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Komitéarbeid fullført 2011
Ansvar: Dekan

Tiltak 14: Utvikle samarbeidet med Karrieresenteret for å førebu studentane på overgang til arbeidslivet: Vurdere å auke rettleiingstilbodet og styrke kvaliteten på studierettleiinga gjennom kompetanseutviklingssamtalar for å sikre studentane sin kjennskap til eigen kompetanse tidleg og undervegs i studieløpet.

Frist for gjennomføring: Hausten 2011
Milepelar for gjennomføring: Arbeidsgruppe nedsettast våren 2011
Ansvar: Dekan

Tiltak 15: Gi Ph. D. - studentane tettare oppfølging og gjennomføre midtvegsevaluering .

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Gi Ph. D. - studentane tilbod om midtvegsevaluering innan utgongen av 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 16: Styrke kvaliteten på rettleiinga og avklare forventningar og krav til Ph. D. - avhandlinga og rettleiarrolla.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Følgje opp fellesmøte med vertsinstitusjonar i austlandsregionen hausten 2010 og arrangere seminar for interne og eksterne rettleiarar hausten 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 17: Sikre gode styringsdata og -verktøy for oppfølging av måla i Ph. D. - utdanninga: Registrere alle Ph. D. - emne og sikre hensiktsmessig rapportering i Felles Studentsystem (FS).

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Etablere betre samarbeidsordningar og arbeidsdeling mellom sentrale fagavdelingar (Studieavdelinga og Forskingsadministrativ avdeling) og fakultetet.
Ansvar: Fakultetsdirektør

Eit samfunnsengasjert universitet

Mål 3: Det samfunnsvitskaplege fakultet skal dele kunnskap og spele ei sentral rolle som formidlar av uavhengig fagleg innsikt. Fakultetet skal bidra aktivt til at samfunnet gjer seg nytta av forskingsbasert kunnskap for å løyse samfunnsmessige utfordringar. Gjennom dialog med målgrupper som har særleg behov for slik kunnskap som grunnlag for å fatte grunngevevne vedtak skal fakultetet arbeide for at samfunnsvitskapleg kunnskap blir gjort lettare tilgjengeleg og lettare å forstå og bruke.

Risikovurdering

Fakultetet sine forskarar er aktive i samfunnsdebatten og bidreg til denne gjennom forskingsresultat. UiO har som ambisjon å styrke innsatsen for å bidra til innovasjon og kunnskapsoverføring. Fakultetet har vore kritisert for ikkje å bidra her og dette kan føre til sviktande omdøme i samfunnet.

PRIORITERTE STRATEGIAR:

Forskarar ved SV-fakultetet driv ein omfattande formidlingsaktivitet og norske samfunnsforskarar er meir synlege i norsk offentlig debatt enn det som er vanleg internasjonalt. Fakultetet skal framleis støtte opp om forskarane sine aktive bidrag som premissleverandørar for samfunnsutviklinga, og som formidlarar av uavhengig, forskingsbasert kunnskap.

Fakultetet skal arbeide systematisk med profilering og formidling av forskinga som går føre seg ved fakultetet, både internt og eksternt. I tillegg vil fakultetet arbeide for at forskingsbasert kunnskap skal gjerast meir tilgjengeleg og kome samfunnet til nytte, mellom anna gjennom dialog med målgrupper som har særlege behov for samfunnsvitenskapleg kunnskap som grunnlag for vedtak.

Tiltak 18: Utvikle samarbeidet med forskingsinstitusjonar i instituttsektoren, for å fremme målet om auka forskingskvalitet: Vidareutvikle dialog initiert i 2010

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 21: Støtte opp om fakultetet sine aktivitetar i samband med jubileumsfeiringa 2011

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Jf. program
Ansvar: Prodekan

Tiltak 22: Planlegge fakultetet sitt 50-årsjubileum 2013

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Utpeike arbeidsgruppe i løpet av våren 2011 og sikre finansiering 2011 og 2012
Ansvar: Prodekan

Tiltak 23: Vurdere fakultetet sin handlingsplan for forskingsformidling på nytt i lys av etablering av nye nettsider hausten 2010

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Drøftast i stabsmøtet 8. februar 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 24: Arbeide for at fleire av fakultetet sine forskarar legg ut arbeida sine i opne publiseringskanalar (Open Access), og legge til rette for at Ph. D. - avhandlingar kan gjerast tilgjengelege på same måten.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 25: Avklare kva som er fakultetet sitt særlege bidrag til innovasjon

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: 2012
Ansvar: Prodekan

Eit handlekraftig universitet

Mål 4: Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal forvalte sine samla ressursar slik at dei bidreg til at fakultetet utviklar robuste forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet. Forskinga og fagkompetansen ved fakultetet skal gi eit solid grunnlag for forskingsbasert undervisning.

Risikovurdering

UiO har vedteke ein plan for administrativ utvikling som krev at fakultetet gjer nokre tydelege prioriteringar av kvar innsatsen skal oppretthaldast og kvar den kan reduserast. Manglande evne til å gjere slike prioriteringar vil gjere gjennomføringa vanskeleg.

PRIORITERTE STRATEGIER:

Fakultetet skal arbeide for betre og meir målretta utnytting av potensialet for ekstern finansiering. Det vil seie at ekstern finansiering må bidra til å styrke forskning på område som fageiningane og forskarane sjølve ønskjer å prioritere. Fakultetet har i løpet av 2009 og 2010 bygd opp administrativ kompetanse på forskingsfinansiering og innhenting av eksterne midlar og ventar at dette vil gi resultat i planperioden.

Tiltak 26: Støtte opp om grunneiningane sine faglege prioriteringar og prioriterte forskingsgrupper

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Styringsdialogseminar 31. mars 2011
Ansvar: Prodekan

Tiltak 27: Oppfølging av NFR - evalueringane av samfunnsgeografi, sosiologi, sosialantropologi og psykologi: Gjennomgå tilrådingane i fagevalueringane og bruke desse som instrument for fagleg vidareutvikling.

Frist for gjennomføring: 2013
Milepelar for gjennomføring: Avhengig av når evalueringane ligg føre. Truleg våren 2011 for samfunnsgeografi, sosiologi og samfunnsgeografi. Sannsynlegvis våren 2012 for psykologi. Tema i styringsdialogseminar 31. mars 2011.
Ansvar: Prodekan

Tiltak 28: Utvikle og ta i bruk nytt ressursstyringsverktøy for undervisning (AURA).

Frist for gjennomføring: 2011

Milepelar for gjennomføring: Ferdigstillast våren 2011 til bruk i planlegginga av haustsemesteret 2011

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 29: Finne gode løysingar på fakultetet sitt arealbehov på kort og lang sikt i samarbeid med Teknisk avdeling: Sikre god utnytting av 4. etasje Eilert Sundts hus

Frist for gjennomføring: 2012

Milepelar for gjennomføring: Dialogmøte våren 2011

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 30: Sikre god arbeidsdeling mellom administrative nivå ved UiO og effektiv ressursbruk, jf plan for administrativ utvikling ved UiO vedteken av universitetsstyret i november 2010

Frist for gjennomføring: 2013

Milepelar for gjennomføring: Analyse og datainnsamling våren 2011. Iverksetting frå og med hausten 2011. Fakultetet vil truleg starte iverksetting for enkelte område alt våren 2011.

Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 31: Fullføre ny organisering av økonomifunksjonen med profesjonalisering av økonomi- og rekneskapsrutinar for eksternt finansierte prosjekt.

Frist for gjennomføring: 1. juli 2011

Milepelar for gjennomføring: Serviceavtale med institutta underskriven hausten 2010

Ansvar: Fakultetsdirektør

Det gode universitetet

Mål 5: Fakultetet skal ha attraktive og konkurransedyktige fagmiljø med godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsmiljøet skal vere kjenneteikna av likeverd og respekt, engasjement og deltaking. Fakultetet skal legge til rette for målretta og effektiv ressursbruk.

Risikovurdering

Leiing er ikkje sett opp som eige årsplantiltak fordi etablering av gode ordningar, rutinar og opplæring av leiarar var øvst på agendaen i årsplanen for 2010. Gjennomføring av tiltaka under og dei andre tiltaka i årsplanen vil vere heilt avhengig av god leiing på alle nivå og av at leiinga følgjer opp eigne tilsette.

PRIORITERTE STRATEGIER:

Fakultetet sine ambisjonar stiller til dels nye krav til leiing. Det er i dag relativt tett identifikasjon mellom ulike fagmiljø og deira valde leiarar. Ordninga med valde leiarar skal ikkje gå utover krava til naudsynt leiarkompetanse, og fakultetet skal vidareføre eit systematisk og langsiktig arbeid for å styrke leiaropplæring på alle nivå. Leiaropplæring er også eit viktig virkemiddel for å bygge eit godt arbeidsmiljø og gode prioriteringsprosessar.

Tiltak 32: Alle tilsette skal ha tilbod om personleg og fagleg utvikling. Behovet for kompetanseutvikling av vitskaplege tilsette skal vere tema i medarbeidersamtaler og det skal utviklast eit tilbod tilpassa behov og tilgjengelege ressursar (jf. UiO Årsplan).

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Årlege medarbeidersamtalar
Ansvar: Dekan

Tiltak 33: Gjennomføre nyval av dekanat, fakultetsstyremedlemmer og instituttleiarar.

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Sjå eigen plan for gjennomføring av valet.
Ansvar: Fakultetsdirektør

Tiltak 34: Følgje opp arbeidsmiljøkartlegginga vinteren 2010/2011

Frist for gjennomføring: 2011
Milepelar for gjennomføring: Eigen plan er utarbeidd. Frist for leveranse til OPA er veke 6 i 2011.
Ansvar: Dekan

Tiltak 35: Revidere fakultetet sin handlingsplan for likestilling; Følgje opp måla i handlingsplanen og også arbeide for betre kjønnsmessig balanse i studieprogram som har skeiv fordeling

Frist for gjennomføring: Hausten 2011

Milepelar for gjennomføring: Ny handlingsplan skal vedtakast av fakultetsstyret hausten 2011.

Ansvar: Fakultetsdirektør

Resultatindikatorar med målsettingar

Målindikatorar	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
1. Dr. grader per vit. årsv.	0,2	0,1	0,2	0,3	0,2	0,3	0,3	0,3	0,4
2. Publ. poeng per vit. årsv.	1,3	1	1	1	1,4	1,2	1,3	1,3	1,4
3. NFR-tildeling per vit. årsv.	138'	114'	166'	144'	189'	160'	190'	190'	190'
4. EU-tildeling per vit. årsv.	4'	9'	10,3'	7,6	6,1'	10'	15'	17'	20'
5. Stud. poeng per reg. stud.	35,4	35,3	39,2	37,9	36,2	37	38	38	39
6. Stud. poeng per aktiv stud	-	-	-	57,5	58,1	58,2	58,4	58,4	58,5

1. *Avlagte doktorgrader | Vitskaplege årsverk (DHB) minus alle stipendiatar + alle dekanar og instituttleiarar*
2. *Publikasjonspoeng | Vitskaplege årsverk (DHB) + alle dekanar og instituttleiarar*
3. *Vitskaplege årsverk (DHB) + alle dekanar og instituttleiarar*
4. *Vitskaplege årsverk (DHB) + alle dekanar og instituttleiarar*
5. *Nye studiepoeng avlagt av eigenfinansierte, semesterregistrerte studentar med studierett, dr.gradsstudentar ikkje medrekna, på vitnemålgjevande studieprogram, herunder årseiningar. Talet på studiepoeng er det totale talet studiepoeng som er avlagt av studentgruppa. Dei studentane som er delfinansierte skal reknast som fullt eksterne. Studenten blir plassert på program etter følgjande prioritering:*
 1. *Programmet der studenten er meldt til høgste program*
 2. *Dersom fleire program er det siste teljande.*
6. *Dersom vi ikkje reknar med dei studentane som ikkje produserer studiepoeng, men tek utgangspunkt i gjennomsnittleg tal for produserte studiepoeng per aktiv student som produserer studiepoeng, får vi som vi ser av pakt 6 eit litt anna bilete av studiepoengsproduksjonen.*